



Måsen er på plassen sin i takstigen på Neset.

Måsen er på plassen sin i same reiret slik det har vore dei siste åra. Birger Myklebust eig og bur i huset og det same skjer kvart år om lag på same tida. Det er ein fiskemåse, eit par der hannen og hoa byter på å ruga. Hekketida er frå 24 til 28 dagar og ungene er flygeferdige på 4 - 5 dagar. Birger snakkar med måsen kvar dag, noko som gjer at den ikkje er aggressiv og pågåande. Det er med andre ord eit godt forhold mellom eigar og leigar.

I mai månad kjem måsen tilbake og gjer reiret klart på taket. No har måsen ruga i to veker. Det er full likestilling mellom hannen og hoa. Den eine ligg på egg mens den andre sit på pipa og held vakt. Etter klekking er det gåtreening i takrenna før ungene til slutt vert dytta utfor kanten og landar mjukt i ein prydbusk.

Neste steg er at måsefamilien erobrar uteplassen til Birger, ein platning med stolar og bord. Dette varer ei veke før dei samla flokk tek seg til stranda og fjorden, anten langs vegen eller i graset.

Birger slår opp i fugleleksikon og finn ut at det må vera ein fiskemåse og ikkje gråmåse. Gråmåsen er større og har raud flekk på nebbet. Fiskemåsen har grøn gul nebb utan den raude flekken. Måsen hekkar eigenleg på bakken, på øyar, holmar og langs kysten. Måsen et innsekt, makk, åtsel og matavfall.

I 2018 var det ei skjor som laga seg til med reir på nedsida av huset. Det kom til usemje mellom måsen og skjora, ein kamp måsen vann og skjora vart vist bort frå område.

I 2019 skreiv Uskedalen.no om den hekkande måsen på Neset 14. juni. I år vart det i slutten av mai månad.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal